


VURDERINGSRAPPORT

PALMAFOSSEN SKULE



18. – 20. mars 2003

1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

7 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

2 FAKTA OM SKULEN

Palmafossen skule har 125 elevar og 12 lærarar medrekna rektor. I tillegg er det ein assistent, ein fagarbeidar og ein førskulelærer. SFO har 42 born. Det er 5 framandspråklege elevar ved skulen.

Målforma er nynorsk.

Skulen har unike uteområde til aktivitetar sommar som vinter.

3 VURDERINGSTEMA

Pal

mafossen skule har bede om vurdering på følgjande tema :

Elevane sitt læringsmiljø med vekt på rutinar, organisering i klasserommet og bruk av ressursar.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet og godkjende av skulen.

“Elevane sitt læringsmiljø med vekt på rutinar, organisering i klasserommet og bruk av ressursar”.

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
<p>Det er innarbeidd gode rutinar i klassane og på skulen.</p> <p>Organiseringa / møbleringa i klasserommet er bevisst.</p> <p>Læraren kjenner godt arbeidsmetodane i L-97.</p> <p>Elevane får tilpassa opplæring.</p> <p>Lærarressursane vert nytta til beste for elevane.</p>	<p>Elevane kjenner ordensreglane / klassereglane. Elevane fylgjer desse reglane. Elevane kjenner konsekvensane ved regelbrot. Dei vaksne på skulen reagerer omtrent likt på regelbrot. Sosial kompetanse er vektlagt i undervisninga gjennom heile året. Klassemøte og elevrådsmøte vert brukt bevisst for å førebyggja mobbing. Vaktene er godt synlege i friminutta. Vaktene grip inn ved konfliktrar. Elevane er høflege og greie mot kvarandre. Elevane er høflege og greie mot dei vaksne.</p> <p>Organiseringa / møbleringa vert endra ved ulike arbeidsmåtar / undervisningsmåtar. Elevane får setja sitt preg på klasserommet. Veggane i klasserommet viser til ei kvar tid kva tema klassen arbeider med. Elevane har det dei treng av materiell og utstyr i nærleiken.</p> <p>Læraren er bevisst ved val av undervisningsmetode. Læraren legg til rette for stor elevaktivitet. Læraren nyttar prosjekt som arbeidsmetode fleire gonger årleg (avhengig av klassesetning). Læraren si rolle i klassen er endra frå å vera formidlar til å verta rettleiar for elevane.</p>

Elevane har ulike planar (arbeidsplanar, vekeplanar, lekseplanar) som legg til rette for tilpassa opplæring. Elevane har innverknad på eiga læring. Klassestyrar har elevsamtalar minst to gonger årleg med kvar elev.

Bruken av lærarressursar vert stadig vurdert og nytta fleksibelt til beste for elevane.

To-lærarsystemet fungerer slik at begge lærarane sin kapasitet vert nytta på beste måte.

Elevar med spes. behov får nødvendig hjelp.

Læraren rettleiar kvar elev og gir tilbakemelding undervegs.

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Pedagogisk personale og elevane
- Eksterne : Vurderingsparet

Grunngjeving for val av informantar

I dette tilfellet sa det seg sjølv ut frå fokusområde kven som måtte ta del i vurderinga.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tidsbruk på Palmafossen skule:

TID	TILTAK	ANSVAR
Jan. 03	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
11 02	Vurderingsparet mottar planar og relevant informasjon frå skulen	Rektor
19 02	Møte mellom vurderingsparet og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av fokusområde	Begge partar
Veke 8	Vurderingsparet lagar spørjeskjema for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag. Skulen godkjenner, ev. kjem med framlegg til endringar og sender det ut. Frist for sending attende til vurd.paret: 06 03 03	Vurd.paret Rektor
Veke 11	Oppsummering av spørjeskjema. Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt til skulen for godkjenning. Skulen drøftar og godkjenner, ev. endrar kriterium og gir tilbakemelding til vurd.paret. Utarbeiding av samtaleskjema og observasjonsskjema	Vurd.paret Vurd.paret Skulen Rektor Vurd.paret

Veke 12	18. – 20. mars - Samtale med 4 elevgrupper - Samtale med 2 lærargrupper - Observasjon i alle klassane - Analyse og oppsummering - Mellombels rapport vert lagt fram for personalet og drøfta med dei	Vurderingsparet
Veke 13	Endeleg vurderingsrapport med vedlegg vert sendt til skulen. Rapporten vert også sendt Voss skulekontor v/ skulesjefen.	Vurderingsparet.
Veke 14	Skulen vert beden om å gi ei evaluering av vurderingsopplegget og senda dette til vurderingsparet.	Rektor.
April / mai	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Den offentlege delen av rapporten vert lagt ut på regionen si nettside.	Vurderingsparet

7 METODAR

-

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar og informasjonshefte.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit spørjeskjema om aktuelle problemstillingar knytt til vurderingstemaet. Dette vart fylt ut av lærarane og elevane i frå 4. klasse og oppover, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa viste område der problema var størst og la grunnlag for utarbeiding av kriterium.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L97 og resultatet av spørjeundersøkinga.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtalskjema for samtalar med dei tilsette og elevane.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevar og lærarar opp mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.

8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- vi har sett og møtt mange blide og kjekke elevar
- elevane var engasjerte og greie i timane
- det var god atmosfære i klassane
- alle klassestyrarane praktiserte elevsamtalar
- dei tilsette var opne og imøtekomande
- skulen arbeidde bevisst for å førebyggja mobbing
- vi såg lærarar på dei nedste klassetrinna som nytta arbeidsplanar for elevane og som arbeidde bevisst med elevane for å få til gode rutinar
- skulen har eit unikt uteområde til sommar- og vinteraktivitetar

9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- få til betre orden i elevhyller, klasserom og ganger
- det må vera overskrifter/ informasjon til det som heng på veggane slik at det til ei kvar tid viser kva som er tema i klassen
- få mindre tradisjonell møblering på mellomtrinnet
- elevane må få større medverknad i skulekvardagen
- få betre orden og oversikt over felles materiell og utstyr
- samla ein del småskulemateriell i eige skåp i gamlebygget
- skulen må ha som mål å få arbeidsplanar for alle klassar
- skulen må få strukturerte team på kvart steg, helst med teamleiar

UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDE.

- betre orden i elevhyller, klasserom og ganger er trivselsfremjande og vil letta kvardagen
- elevane kan få ansvar for tydelege overskrifter på veggarbeidet då dette vil vera med å bevisstgjera dei samstundes som det vil gi dei medverknad
- utradisjonell møblering vil gi betre utnytting av rommet, elevane har betre høve til å hjelpa kvarandre, det er lettare å samarbeida, og elevane gav tydeleg uttrykk for at dei ønskte ommøblering
- elevane må få meir innverknad på innhaldet i undervisninga, og dei må regelmessig vurdera sitt eige arbeid saman med læraren, jmf. L-97
- viktig å få betre orden og oversikt over felles materiell og utstyr då lærarane ofte ikkje finn det dei har bruk for, ein fordel å samla alt dette på ein stad
- grunna lange avstandar kan det vera praktisk å samla noko småskulemateriell i eige skåp i gamlebygget
- arbeidsplanar i alle klassane vil m.a. gi gevinstar som:
 - større elevaktivitet og innverknad på eiga læring
 - valfridomen i arbeidsplanane vil gi større trivsel
 - elevane må ta større ansvar for eiga læring
 - arbeidsplanar legg til rette for aldersblanding
 - dei gir større rom for tilpassa opplæring
 - læraren får meir tid til å gi individuell hjelp
 - han vert meir rettleiar enn formidlar
 - to-lærarsystemet vil få større effekt
 - frigjer tid til elevsamtalar
 - gjer det nødvendig med tettare lærarsamarbeid / teamarbeid
- strukturerte team vil på sikt letta arbeidet i klassen
- erfaring viser at eit team over tid fungerer betre med teamleiarar som har ekstra ressurs til dette
- teama kan m.a. drøfta tilpassa opplæring, undervisningsmetodar, bruken av to-lærarsystemet og møblering i klasserommet
- bruken av team vil opna opp for at lærarane sine sterke sider vert betre nytta

**10 VIDARE ARBEID ETTER MARS 2003 -
PALMAFOSSEN SKULE**

Utviklingsområde	Idear	Tidsfrist	Ansvar
Få til betre orden i elevhyller, klasserom og ganger.	Klassemøte og elevrådsmøte kan ta opp problemstillinga. Lønna klasser som gjer ein god jobb.	Straks.	Klassestyrar i lag med elevane.
Overskrifter / informasjon om det som heng på veggane.	Drøfting mellom elevar og lærar om innhald og utforming. Elevane skal utføra arbeidet.	Start når nytt elevarbeid vert hengt opp.	Klassestyrar.
Mindre tradisjonell møblering på mellomtrinn	Veksla mellom å sitja i 2,3 eller 4 grupper i tillegg til rekker.	Før påske.	Klassestyrar.
Elevane må få større medverknad i skulekvardagen,	Klassemøte, elevsamtale, ansvar for orden og utforming av klasserom. Drøfta innhald i arbeidsplanar.	I løpet av våren.	Lærarane.
Få betre orden og oversikt over felles materiell og utstyr.	Samla alt på ein stad, og alle må vita kva skulen har av materiell og utstyr.	Før skulestart hausten 2003.	Rektor og lærarane.
Samla ein del småskulemateriell i eige skåp i gamlebygget.		Snarast.	Småskulelærarane.
Skulen må ha som mål å få arbeidsplanar for alle klassane.	Starta med nokre timar i veka. Oppgåver på PC bør vera ein naturleg del av arbeidsplanane	Frist 1.mai	Klassestyrar, timelærar og rektor.
Skulen må få strukturerte team på kvart steg, helst med teamleiarar.	Kontakta , evt. hospitera på Skulestadmoen skule. Setja av ressursar til teamleiarar. Vera tema på ein langdag.	Vera på plass før skulestart til hausten.	Rektor.

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor få tilsendt eit skjema der ho skal rapportera til skulesjefen sin om korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Voss den 20. mars 2003.

Rannveig Alvsåker
Solberg
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss
Hardanger/Voss

Willy
vurderingsgruppa i

VEDLEGG 1

“Elevane sitt læringsmiljø med vekt på rutinar, organisering i klasserommet og bruk av ressursar.”

Spørsmål til elevane i 4. – 7. klasse ved Palmafossen skule.

		Einig	Litt einig	Ueinig
1.	Eg kjenner ordensreglane / klasseromsreglane			
2.	Eg kjenner konsekvensane ved regelbrot			
3.	Eg fylgjer ordensreglane			
4.	Alle dei vaksne reagerer likt på regelbrot			
5.	Klasse møte vert brukt for å førebyggja mobbing			
6.	Vaktene er synlege i friminutta			
7.	Vaktene grip inn ved konflikhtar			
8.	Møbleringa i klasserommet vert endra ved ulike undervisningsmetodar			
9.	Eg får vera med å bestemma korleis klasserommet skal sjå ut			
10.	Eg har det eg treng av materiell og utstyr i nærleiken			
11.	Læraren bruker ulike måtar å undervisa på			
12.	Eg har innverknad på eiga læring			
13.	Klassestyrar har elevsamtalar med kvar elev minst 2 gonger kvart skuleår			
14.	Eg er høfleg og grei mot andre elevar			
15.	Eg er høfleg og grei mot dei vaksne			
16.	Eg får hjelp av læraren når eg treng det			
17.	Eg er trygg på skulen			
18.	Eg likar meg på skulen			

VEDLEGG 2

“Elevane sitt læringsmiljø med vekt på rutinar, organisering i klasserommet og bruk av ressursar.”

Spørsmål til lærarane ved Palmafossen skulen.

		Einig	Litt einig	Ueinig
	RUTINAR			
1	Elevane kjenner ordensreglane / klasseromsreglane			
2	Elevane kjenner konsekvensane ved regelbrot			
3	Elevane fylgjer ordensreglane			
4	Alle vaksne reagerer likt på regelbrot			
5	Mobbing er eit drøftingstema gjennom skuleåret			
6	Klasse møte vert brukt bevisst for å førebyggja mobbing			
7	Vaktene er synlege i friminutta			
8	Vaktene grip inn ved konflikhtar			
	ORGANISERING I KLASSEROMMET			
9	Møbleringa i klasserommet vert endra ved ulike undervisningsmetodar			
10	Elevane får setja sitt preg på klasserommet			
11	Veggane i klasserommet viser til ei kvar tid kva tema klassen arbeider med			
12	Elevane har det dei treng av materiell og utstyr i nærleiken			
13	Læraren nyttar varierte undervisningsmetodar			
14	Elevane får tilpassa opplæring			
15	Elevane har innverknad på eiga læring			
16	Klassestyrar har elevsamtalar minst 2 gonger årleg med kvar elev			
17	Elevane er høflege og greie med kvarandre i klasserommet			
18	Elevane er høflege og greie overfor dei vaksne			
	BRUK AV RESSURSAR			
19	To-lærarsystemet fungerer godt			
20	Elevar med særskilt behov får nødvendig hjelp			
21	Lærarressursar vert utnytta fleksibelt til beste for elevane			
22	Læraren rettleier kvar elev og gir tilbakemeldingar undervegs			

